Oppskrive av Johs. O. Kvalheim

Sogn &. Fjordane Fylke
Nord-Vaagsöy Herad

I samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET

2498

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på sama ark. Forstaaast slik, at det kan svarast paa denne ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Karet hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ? Nei.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? Nei.

Har ein bruka kumøkk til brensel ? Det har hendt i vaarbidi, hvis turrveret har hindra aa faatt smuldra den siste mökja, som ein ryd og rakar utod marki, naar denne resten av mökja har vore avskjölt av vate för, so det er mest berre höystoffe att, at den har vore brukt til brensel, hvis dette har vore mangla av anna slag. Ellers brukast denne av rakstein til aa ha paa fjösgolvet att, eller i düngestöda, grisegaren o. l., som strö.